



Til

Linn Kristin Bore, FAU-leiar, forfall
Pål Undheim, politikar Time kommune
Solbjørg Holen, representant for lærarane, forfall
Margrethe Hauge, tillitsvalt
Iselin Stangeland, SFO-leiar
Kenneth Terjesen, foreldrerepresentant SFO
Lilly Zeeh, elevrådsleiar, forfall
Hedda Finnbakk, nestleiar elevråd
May-Ester Thicoeng elevrådsrepresentant 7.trinn, forfall
Even Årland, elevrådsrepresentant 5.trinn
Elias Ulvøy Mæland, elevrådsrepresentant 4.trinn

Referat frå SU/SMU tysdag 13.juni på Lye skule

Sak 1 Strategiplan oppvekst, høyringsutkast.

Tilbakemelding på mål og tiltak knytt til dei 5 satsingsområde:

1. Trygge foreldre

SU syns forslag til mål og tiltak er gode. Det vart referert til at på Lye arrangerer ein kvart år eit felles foreldremøte/foredrag for alle føresette på barne- og ungdomskulen, samt barnehagane. Det er positivt, bra å høre det same, godt å treffe andre foreldre.

2. Samhandling for forebygging og tidleg innsats

SU er positive til den tverrfaglege satsinga det blir lagt opp til. Laget rundt lærar og elev oppleves svært nyttig på skulen. Sosialfagleg ressursperson er og eit positivt tilskudd, det tilbakemelder både tilsette, elevar og føresette. SU er derfor svært positive til at forslag om å auke ressursen til skulane.

3. Inkluderande samfunn

Drøfta problematikken ein les om i media knytta til utaggerande elevåtferd. Ei utvikling som bekymrar oss. Syns derfor tiltak om utvida ressurs til helsejukepleiar og miljøteam på skulane er særskilt viktig og bør prioriterast. Kurs, veileding til førsette under punktet Trygge foreldre trur me og kan ha positiv innverknad på denne utviklinga.

Skulen opplever i aukande grad elevar som strevar med elevrolla, som har regelbrytande åtferd.

4. Oppvekst og digitalisering

Ingen innspel til strategiplan

5. Rekruttera og behalda

Ingen innspel til strategiplan

Sak 2 Sak frå elevrådet, kan me få skur utfor hallen slik at me kan vente på bussen under tak?

Elevar frå Vestlykrinsen og Undheim tek buss til og frå skulen. Dei saknar eit skur å søkje ly i når det er dårlig ver og dei venter på bussen.

Det ligger i kommunen sine planer å byggje ut eit bustadfelt på andre sida av vegen (ved butikken). I den samanheng skal det byggast undergang, evt av- og på stigningsplass for skulen. Pål tek innspellet med seg inn i dette arbeidet og sjekker om det er mogleg å leggje til rette for at skulebussen også stoppar der og at det kjem eit skur i same området.

Sak 3 Eventuelt

Mobilbruk – FAU ønsker at selskapa i større grad skal vera mobilfrie. Elevane seier dei syns det er ein god ide, for då blir det meir sosialt og inkluderande. Rektor informerer dei som skal vera trinnkontaktar neste skuleår. Trinnkontaktane tek opp tema i klassane og oppfordrar klassane til å bli einige om at mobilen ligg heime når dei er i selskap og vennegrupper.

Referent:
Sigrid Kjetland
rektor, Lye skule



Time kommune

Postboks 38 • 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • www.time.kommune.no